

# Prekestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,  
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN  
NR.5, DESEMBER 2020. 81. ÅRG.



## Innhald nr. 5

**Adresse:**  
Postboks 188  
4126 Jørpeland

Neste nummer av  
Prekestolen kjem  
i postkassen  
ca. 02. mars.  
Frist for innlevering av  
stoff er 29. januar.

**Redaksjon:**  
Redaktør Olav Frantzen  
Tlf. 977 55 271  
olav.frantzen@lyse.net

Jon Vogt Engeland  
Liv Åse Gaard  
Yvonne Langeland Meltveit  
John N. Nessa  
Haldis Karine Nilsen  
Siv Fossan  
Reidunn Ferstad  
Kristoffer Nåden Havn  
Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**  
Liv Åse Gaard  
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i  
postkassen, kan de ta kontakt  
med eitt av kyrkjekontora.  
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris  
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,  
Strand og Forsand.  
Alle utanbygds abonnentar  
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158  
eller Vipps på Prekestolen  
kyrkjeblad, eller vippss-  
nummer 105004.

**Grafisk formgjeving:**  
Marton L Fiska  
marton.fiska@icloud.com

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri  
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**  
Ved Sandvatnet i Årdal  
Arvid Tjøstheim

Juleandakt 2020 frå biskop Anne Lise.....	Side 3
Min salme.....	Side 3
Julehilsen fra Madagaskar.....	Side 4
Lys i hjarta.....	Side 6
Advendtsbøker.....	Side 8
Make jula great again.....	Side 10
Med sjøen som kirkeveg.....	Side 12
Miljø, møteplass og misjon.....	Side 15
Den julekvelden gløymer eg aldri.....	Side 18
Frå Eritrea til Forsand.....	Side 20



## Fred på jorda

Gjetarane på Betlehemsmarkene høyrd englesongen den første julenatta:  
*Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda bland menneske som Gud har glede i!*  
(Luk 2,14)

Fred på jorda? Det er vel ein utopi? Til alle tider har det vore ufred, og slik er det også i vår tid.

I «gamle dagar» brukte folk av og til uttrykka *ein fredsæl mann eller ei fredsommeleg kvinne*. Tenk om me alle kunne fått ein slik merkelapp på oss, eit sterkt uttrykk for vilje til å leva i fredeleg sameksistens.

Jesus sa: *Fred vere med dykk! Min fred gjev eg dykk! Gå i fred!*


Fredstanken står sentralt i alle religionar. Likevel er det ufred. Men me kan ikkje slutta å be om fred av den grunn. Difor ber me i kyrkja: *Gjev fred og fridom for folk og nasjonar...*

I adventstida kan me fokusera på fredsperspektivet, på fred i heimen, fred mellom naboar, fred på arbeidsplassane. Me ventar på fredsfyren, på han som kom julenatta.

Forslag til ein adventsaktivitet: Les eller syng alle advents- og julesalmane, nr. 2 til 72 i Salmeboka. Her er det mange fredsvers og fredsstrofer som kan setja tankane våre i sving.

Redaksjonen i Prekestolen ønskjer alle ei fredeleg adventstid og ei fredfull julehelg!

*Olav Frantzen*



## Deg å få skoda

Tekst: Gerd Kleppa (pensjonert lærar Hjelmeland)

Salmesong har alltid vore ein naturleg del av livet mitt. Den rike og vidunderlege salmeskatten fekk eg med meg frå heimen, kyrkja og skulen i barneåra. Morgon- og kveldssalmar, høgtids- og årstids-salmar var fast rituale i heimen. Når eg så var med til gudsteneste kvar søndag frå før eg kunne gå, ja, då måtte vel salmesongen gå rett inn!

Som lærar i skulen har eg hatt rikt høve til å syngja salmar med born og ungdom. Gledeleg er det at eg av og til no får høyra «Flott at du lærte oss så mange fine salmar.»

No er det søndagsgudstenestene som gir stor og ekte salmeglede.

Ingen enkel sak å stoppa for eit nummer i salmeboka, men no går eg for den som syng i meg til alle tider : Nr. 482 – « Deg å få skode er sæla å nå ». Irsk tekst frå 700-talet, og melodien irsk folketone. Arve Brunvoll kom med si omstetting i 1978, så denne salmen er for oss av nyare dato. Alle fem versa har ein trygg og fin vissheit om kva eg har no og kva eg har i vente. Setninga i v.4 seier mykje om rikdomen i Herren : «Du er min arv som varer til sist, himmelske konge, det veit eg for visst».

1. *Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
ljoset som strålar ved dag og ved natt!*

2. *Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di royst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!*

3. *Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

4. *Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.*

5. *Konge i æva, å lat du meg då  
igrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.*

Amen.



# Julehilsen fra MADAGASKAR

**Rina og Yannick vant mange hjerter i Strand da de var utvekslingsstuderenter fra Hald Internasjonale senter skoleåret 2019/20.**

**På grunn av Corona-pandemien måtte de brått forlate Tau og reise hjem i mars. De kom seg med på siste fly før Madagaskar stengte flyforbindelsene med utlandet. Etter hjemkomsten fikk de digital fjernundervisning fra Hald.**

Tekst: Martin Ivar Arnesen  
Foto: Privat

**Yannick** er hjemme i hovedstaden Antananarivo hvor han underviser i engelsk ved en privat internasjonal voksenopplæring. Han forteller at livet for mange mennesker er vanskelig. Det er færre registrerte Coronasmittede nå, og skoler og samfunn er i ferd med å åpne igjen. Men på grunn av manglende testing, er nok antallet smittede mye høyere enn det som er registrert. På fritiden er han aktiv i menigheten. Han leder og dirigerer et ungdomskor. Tidligere var de over

50 ungdommer, men på grunn av pandemien er det nå ca. 25 som er med. De samles til fellesskap og øvelse hver lørdag, og synger under gudstjenestene på søndagene. Han bringer videre noe av det han lærte da han var i Norge. Yannick har et ønske om å få fortsette å arbeide med ungdom. Han ønsker å få være med å bidra til utvikling, og å hjelpe ungdom til en bedre framtid.

Etter 2-3 måneder i hovedstaden Antananarivo, reiste **Rina** hjem til Antsiranana, helt på nordspissen av Madagaskar. Rina forteller at det har vært vanskelige tider for familien. Hennes far er prest. På grunn av corona, ble det i flere måneder ikke gjennomført gudstjenester. Uten gudstjenester blir det ikke noen ofringer, og dermed heller ikke noe lønn til presten. Det er ikke noe offentlig system for støtte til arbeidsledige eller lønn til permitterte. Men nå er endelig gudstjenestene kommet i gang igjen. Både prest og kirkegjengere må bruke munnbind. Nå i slutten av oktober reiste Rina opp til Antananarivo for studier. Hun skal i halvannet år studere «virksomhetsopprettelse».

## JULEFEIRING

Julen skal Yannick og Rina feire med sine familiær. Yannick i hovedstaden Antananarivo, og Rina skal reise hjem



til familien i nord. Julaften feires i kirken. Normalt er det fullsatte kirker med mange kor, mye sang, juleevangelium og fellesskap. Men hvordan det blir dette året, er usikkert. 1. juledag er også kirkedag, før det feires med god mat. Og 2. juledag er det gjerne ut på tur med nistepakke, gode venner og familie. Gaver og juletregang slik vi har i Norge, er det mindre av, men juletreer er pyntet og på plass i kirkene.

Både Rina og Yannick uttrykker stor takknemlighet for den tiden de fikk være i Norge. Takk for fellesskap og vennskap. Takk for gjestfrihet, støtte og hjelp. Og de er takknemlige for alt de fikk med seg av erfaringer, inspirasjon og kunnskap.

Skann QR-kodene med mobilen for å se og høre hilsener fra Rina og Yannick



Julehilsen  
fra Rina



Julehilsen fra  
Yannick



Sanghilsen  
fra Rina



# Lys i HJARTA



## 2. Kor 4,6

For Gud, som sa: «*Lys skal stråla fram frå mørkret*», han har late det *skina i våre hjarte, så kunnskapen om Guds herlegdom i Jesu Kristi andlet skal lysa fram.*

## P 22

- Gjennom åra som tilsett i Stiftelsen P22, fekk eg vere med å oppleve korleis evangeliet om betingelseslaus kjærleik og gjenoppretting kan lysa opp eit hjarte, med håp om ei ny framtid, midt i mørkret. P22 er ein stad der menneske kan finna seg sjølv att, få ein ny start. Oppleve menneske som bryr seg og som viser nestekjærleik i praksis. Ein stad som har betydd - og betyr mykje for mange.

Jobben han hadde med rusavhengige i Stiftelsen P22 i Oslo, bana veg for å «skifta beite» frå musikk til teologi.

## TROMMIS

Rolv Henrik er Randøybu, men reiste

**Prestevikar og teologi-student Rolv Henrik Øye (43) har eit bibelord han er glad i. Det er 2. Kor 4,6 - som handlar om at Gud har late lyset skina i hjarta våre slik at me kan få sjå Guds herlegdom. I møte med menneske som slit med rus, har han sjølv opplevd at denne lovnaden er reell og verkeleg.**

Tekst: Haldis Karine Nilsen  
Foto: Privat

som 22-åring til Oslo for å studere og å arbeide som musikar. Det var slagverk som var og er instrumentet hans, og han jobba i mange år som frilans trommeslagar i ulike band, og som studiomusikar. Livet som frilans-musikar går i bølger. For å spe på inntekta i tronge periodar, hadde han mange ekstrajobbar opp gjennom åra, m.a. privatundervisning i trommer. Kristentrua hadde han med seg heimanfrå, og i 2011 begynte han som ekstravakt i den tverrkirkjelege Stiftelsen P22. Arbeidet innan rusomsorga var meiningsfylt. Etter kvart vart det meir jobb der, og mindre speling.

## FAMILIEMANN OG STUDENT

Etter vel seks år i P22, jobba han ei tid i 2018 som arbeidsleiar i Maritastiftelsen si transportavdeling. Marita brukhandel i Oslo tilbyr arbeidstrening til personar med bakgrunn frå rusliv eller fengsel. Same året gifta han seg med Laila Viktoria som han møtte på P22, der ho jobba som saksbehandlar, og saman valde dei å flytta vestover like etter. No har paret ein liten gut; Karsten Johannes som blir to år til våren. Etter vel eit år på Tau flytta dei til heimpllassen hans – altså Randøy. Kona fekk seg jobb i barnehage, og sjølv pendlar han til studiet på VID høgskule i Stavanger. VID er den tidlegare misjonshøgskulen, og bokstavane står for Vitskapleg, Internasjonal og



Diakonal. For tida er der faktisk tre studentar frå Hjelmeland ved denne høgskulen.

## DET STORE FELLESSKAPET

Rolv Henrik tykkjer det er flott å studere på ein skule med eit så breitt perspektiv.

- Me er alle ein del av det store kirkjelege fellesskapet, på tvers av sokn, fylke, nasjonar og endå til verdsdelar. Kyrkja er internasjonal, og når me held gudsteneste, har me dette perspektivet med oss, understrekar han.

Som prestevikar i Ryfylke dei to siste somrane, har han fått møte mange ulike kyrkjelyder og møtt mange menneske. Veldig verdifullt å bli kjent slik på tvers, forstår me. Rolv Henrik set stor pris på mangfaldet.

Ikkje minst har han lært å setja pris på dei flinke musikarane som også finst på våre kantar. Det er ikkje så ofte «trommisene» i han kjem fram, men det har hendt at han til dømes har spelt

trommer til ei salme i lag med organist.  
- Kjekt!

## TROMMESLAGAR OG PREST?

Om det er likskapar mellom det å vera trommeslagar og det å vera prest?

- Ja, faktisk, seier Rolv Henrik, og forklarer det slik: - Begge deler har mange element av det som skjer i augneblinken, her og nå. Det skal vera ekte og sant, ha liv i seg. Livsrytmen er der alltid. Alt har eit tempo, ein rytme. Begge deler krev øving og forebung, struktur og retning. Då eg reiste rundt på speleoppdrag, ba eg alltid før konserten. Det gjer eg alltid no også, før eg går til gudsteneste eller til ei anna kirkjeleg handling. Gud må få ha styringa.

## KONFIRMANT-UNDERVISNING

Når dette intervjuet finn stad, har Rolv Henrik nettopp kome heim frå leir med rundt 30 konfirmantar frå Suldal kommune. Her har han vore i praksis som ein del av teologistudiet. →

“  
- Eg må kjenna på kor eg blir leida.  
Og kan ikkje stadfesta korleis  
framtida vil bli,  
men opplever at  
eg er på rett plass,  
er takknemleg for  
det eg har fått vera  
med på så langt -  
og for den vegen eg  
får gå nå. ”

**Stiftelsen P22 (sjå P22.no):**  
Etablert 1979 av Frelsesarmé-offiseren Aase Marti. Visjonen er å skape ein stad kor rusmiddelavhengige i Oslo kan kome rett inn frå gata, bli møtt på ein ubyråkratisk og omsorgsfull måte og bli hjelpt vidare til rehabilitering. Hennar store hjarte for rusmiddelavhengige er ein arv stiftelsen verdset høgt og byggjer vidare på. Stiftelsen held i dag til ved Lovisenberg sjukehus.

**Maritastiftelsen**  
(sjå marita.no)

Etablert 1984 av Leiv Holstad. Stiftelsen driv i dag eit omfattande arbeid innan rusomsorg og blant vanskelegstilte elles, både i Noreg og Europa.

– Ein flott leir som vart avslutta med gudsteneste der ungdomane var med. Han reflekterer over korleis det var då han sjølv var konfirmant.

– Me var nok meir «lokale» i den forstand at me ikkje hadde så mykje media og teknologi rundt oss. Desse har mykje meir. Det er mange stemmer som kappast om merksemda deira; media, teknologi. Dei blir bombarderte av inntrykk som må silast. Samstundes trur eg mykje er likt også, då og nå. Fantastisk kjekt å få vere med dei litt!

#### TEOLOGISTUDIET OG FRAMTIDA

Rolv Henrik har ikkje gått beinaste vegen til målet. I ein alder av 43 har han framleis to og eit halvt år att før han kan bli ferdig prest. Men han har fått med seg mykje verdifull røynsle

på vegen, og han opplever at studiet er givande.

- Eg må kjenna på kor eg blir leida, seier han. Og kan ikkje stadfesta korleis framtida vil bli, men opplever at han er på rett plass, er takknemleg for det han har fått vera med på så langt - og for den vegen han får gå nå.

Rolv Henrik likar godt ein gammal salme skrive av den tyske presten Lampertus Gedicke. Publisert i 1711 og oversett av Hans Adolph Brorson i 1742. Fyrste verset går slik:

*Hvor Gud meg fører, går jeg glad,  
han, ikke jeg skal ráde;  
jeg alle tider kaller hva  
min Gud meg sender, nåde.  
Han fører meg dog like hjem,  
så går jeg alltid trøstig frem  
og på hans hjerte liter.*



Laila Viktoria og Rolv Henrik feirar dåpen til Karsten Johannes

## Pepperkaker i pastell

Tekst: Yvonne Langeland Meltveit  
Foto: Lars Norbø

På Barkved, nærmere bestemt hos Rigmor og Lars Nordbø, produseres det hver jul en drøm av pepperkaker. De ser ut som et kunstverk i pastell og smaker fortreffelig! De er ikke som vanlige pepperkaker, kanskje mer som en blanding av kakemanndeig og pepperkakedeig. Utsmykkingen er det heller ingenting å si på. Det er nesten som om en syter litt med å spise dem fordi de er så møysommelig pyntet.

Dette er en juletradisjon som har gått i arv i årevis og som nå står høyt for fire generasjoner. Vi er så heldige at de ville

dele oppskriften med oss. Kanskje har du lyst til å prøve deg på en annerledes pepperkakedeig? Lykke til og God jul!



Fra Yvonne's kokebok



## ADVENTSBØKER

Mange har fine tradisjonar i adventstida, med ulike ting ein gjer rundt om i heimane. Her kjem nokre tips til adventsbøker det kan vera fint å lesa saman, eller åleine. Dei bøkene me har samla her, har eitt kapittel for kvar dag fram til jul:

#### Simon Flem Devold: Simons adventsbok

Englane førebur seg til julafsta og Jesu fødsel, men den vesle engelen Ariel greier ikkje synga «ære være». Han syng «elle melle» i staden. Og så har han mykje han lurer på. (for dei minste borna)

#### Birgitte Elin Bjørnstad: Julekrybben

I denne vakre boka blir det gjennom 24 kapittel fortalt om kva som skjedde då Jesus kom til verda. Her får du møta personane i juleevangeliet, og ting og dyr har òg fått sine forteljingar. Boka legg til rette for ei adventstid der julekrybba står i sentrum, både gjennom høgtlesing og med hjelp av julekrybbefigurar.

#### Kristin Maurstad: Navid møter en konge

I utkanten av byen Susa bur Navid i eit telt som er så fillete at han kan sjå stjernehimmelen om natta. Ei natt ser han ei ny og kjempestor stjerne. (alder fra 5-10 år)

#### Jostein H Sandsmark: Mysteriet med morgenstjernen

Boka handlar om guten Arve som plutsleg begynner å få mystiske e-postar. Avsendaren er «Veiviseren», men kven er han? Kva skjuler seg i den underlege historia om «Morgenstjerna som «Veiviseren» fortel? Kvar dag kan ein følgja Arve når han jaktar på avsendaren og løysinga til mysteriet (større born/ungdom)

#### Jostein Garder: Julemysteriet

I Julemysteriet blir me kjent med Joakim som er ute i siste liten med å få seg adventskalender. Han finn ein gammal kalender hjå ein eldre bokhandlar. Denne kalenderen viser seg å innehalda små papirlappar med ei historie. Historia handlar om Elisabeth som spring av garde midt i julehandelen og blir borte, men som eigentleg berre har blitt med på ei reise til Betlehem. Denne reisa må gå føre seg både geografisk og i tid for å nå fram til at Jesus blir fødd. Joakim grublar og blir fasinet over det han les og må til slutt løysa sin del av mysteriet. (større born/ungdom)

# Make jula great AGAIN

**Året var 1914. Datoen var 24. desember. Og staden var Vestfronten under første verdskrig. Dei britiske og franske soldatane hadde registrert auka aktivitet i dei tyske skyttargravene, og var redde for ein storoffensiv mot alliert side. Difor skaut dei mot tyskarane då dei første lyssignalen dukka opp. Responsen frå tysk side var små juletre som blei heist opp for kvar 20. meter, med påfølgande tenor, kornett - og allsong: "Stille nacht - heilige Nacht". Dei allierte reagerte tilsvarande, og julevåpenkvila - the Christmas Truce - var i gong og spreidde seg over heile Vestfronten.**

Tekst: John Nessa  
Illustrasjonsfoto: Pixabay

Jula er, som påske og pinse, ein eldgamal kristen tradisjon. Men ulikt påske og pinse, som er ei vidareføring av jødisk tradisjon, kom jula med kristendommen som religion i det

gamle romarriket. Jul er eit felles-nordisk namn frå norrønt jólablót, som refererer til den heidenske offerfeiringa midtvinters. Festen skulle ein halde for eit godt år, ein skulle ofre for å få gode avlinger, og ein skulle

drikke juleøl til minne om gudane. Etter innføringa av kristendommen, blei jula ein fest til minne om Kristi fødsel. Håkon den gode bestemte på 900 - talet at ein også her til lands skulle feire jul 25. desember.

Det manglar ikkje på kritikarar av vår julefeiring. Kritikken går på kommersialisering, sløsing, fråtseri. Julefeiringa passar ikkje inn i miljø- og klimarekneskapet. Ei bærekraftig utvikling er uforeineleg med moderne julefeiring.

Dette er sikkert sant på eit vis. Men kanskje ikkje så interessant. For ein må komme på innsida av julefeiringa for å kunne meine noko om jula. Det interessante med julefeiringa er det vi feirar. Vi feirar Jesu fødsel. Og det interessante er det vi gjer når vi feirar. Krigarane i skyttargravene skapte

fred - om berre for ei helg. Moderne julefeiring består i å skape fellesskap, gi gaver, nyte måltidet, pleie vennskap, vere god med seg sjølv og andre, gi av seg sjølv fordi barnet har blitt gitt oss.

Jula er full av symbolhandlingar der vi gjer det som er rett og godt, og som vi burde gjere meir av heile året. Alle elementa, juletre, pyntegrønt, lys, juleøl og gaver, har ein funksjon og ei mening. Å gi gaver er eit godt eksempel på dette - og det kan vere ei krevjande øving. For det krev at du investerer noko i andre. Du blir tvinga til å tenke på andre sitt ve og vel, og du blir tvinga til å trekke kredittkortet. Å gi gaver er å delta i den selskapsleiken som består i å øve seg på det bibelske prinsipp om at det er sælare å gi enn å få. Det er heilt i strid med den snusfornufta og grave-til- seg logikken som vi elles er så dominerte av. Det

skader ikkje at vi iallfall ein gong i året blir tvinga til å erfare det Bibelen lærer oss.

Snusfornufta og egosentrismen er det som i stor grad er vår kulturs logikk og det som styrer åtferda vår til dagleg. I jula blir vi inviterte til å leve annleis. Det er Bergpreikas moral og logikk som ligg til grunn for måten vi feirer jula på: *Sale dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born* (Matteus 5.9). Nestekjærlek har tronge kår i vårt samfunn. Ein er meir eller mindre idiot - eller godhetstyrann heiter det visst i den politiske retorikken, dersom ein argumenterer med omsyn for andre til dømes i innvandringspolitikken. Jula lærer oss noko anna. Alle julerituala er eit forsøk på å oppdra oss til å følge Bergpreika sine formaningar.

Det er ingen grunn til å snakke ned jula. For julefeiringa er det beste utstillingsvindauga for vår kristne kultur.

I skyttargravene var det allsongen som avløyste skotsalvene. Ei perfekt julefeiring under dei livsvilkåra som rådde der. Men ikkje alle var einige i det. Ein av mannskapet i den tyske hæren protesterte høglydt på det som skjedde. Han var sterkt provosert over at ein kunne finne på noko slikt. Dette måtte aldri skje igjen.

Hans namn var korporal Adolf Hitler.



# *Med sjøen som* **KIRKEVEG**

**Siden 1968 har Daniel Lunde drevet gård med kyr på Sør-Hidle. Det var bestefaren som tidlig på 1900-tallet kom til øya. Han kom fra Kvalvåg. Men opprinnelig kommer Lunde-navnet fra Austre Åmøy.**

Tekst: Martin Ivar Arnesen  
Foto: Trond Hjorteland

Daniel ble født i 1943 som nummer tre i en søskenklok på 4. Skoleåret 1960/61 gikk han på Solborg folkehøgskole i Stavanger og på Tveit jordbrukskole, men bortsett fra det har han bodd det aller meste av livet på Sør-Hidle. Tidligere var det 15 fastboende på øya. Skolegangen var det en omgangslærer som hadde ansvar for, og Daniel gikk grunnskolen i private hjem på Sør-Hidle og Heng.

Einbjørg og Daniel møttes på ungdomsmøter i Stavanger. Einbjørg er født i Balsfjord, hvor faren var lærer. Men bare ett år gammel flytta familien sørover til Tysvær. Einbjørg gikk 2 år på Utgarden folkehøgskole.


Nå er det bare Daniel og Einbjørg som er fastboende på Sør-Hidle. Vår og sommer er det likevel mange naboer i de over 30 hyttene på øya.

## I ALL SLAGS VÆR

De 3 døtrene til Einbjørg og Daniel fikk også sin oppvekst på Sør-Hidle. Einbjørg er hjelpepleier og arbeidet både ved Rogaland sykehus, aldersheimen og Tautunet. All transport skjedde på sjøen. Skoleskyss og rutebåt til skole og arbeid. Handleturer til Tau og Stavanger. Men ofte måtte også Daniel ut med båten. I all slags vær. Særlig utfordrende kunne det bli når sør-østen eller nord-vesten slo inn med kuling og storm over Hidlefjorden i høst-og vintermørket. Daniel og Einbjørg har hatt forskjellige båter. Alle båtene har vært lukka, slik at de kunne holde seg tørre. Større

uhell har de sluppet. Men Daniel bomma en gang på havna og gikk på land sør for brygga. Og seinest for et par år siden fikk han motorhavari midtfjords. Han begynte å drive og nærmet seg Heng, men fikk gitt beskjed til redningsskøyta, og den var på plass etter kort tid.

Det er fine jorder og godt jordsmønster på Sør-Hidle. Gården ligger lunt og i le på øst- og vestsiden av øya. Der bygde de for 10 år siden nytt hus med plass til hele familien når de kommer på besøk. Daniel drev tidligere med melkekjyr. Melka ble tappet på 1000 liters tankar som ble fraktet ned til kaia, og videre med båt til meieri på Finnøy. Etter at tanken kom tom tilbake, var det tid for å krysse opp i tanken for å gjøre rent. Daniel og Einbjørg husker enda den sure melkelukta fra de tomme tankene. De siste åra har de kutta melkeproduksjonen og holdt seg til ammekjyr og sauer. Det har vært mye og tungt arbeid. Få naboer å få hjelp fra. Utfordringene har vært, og er mange med mye og tungt arbeid.



“

*Søndag er kirkedag. Om ikke været er for dårlig legger de ut med båten og til kai på Tau. Oftest må de gå opp til kirka. Daniel forteller om en gang da de gikk opp og ble overraska av et kraftig regnvær. Dryppende våte feiret de gudstjeneste.*

“

Einbjørg og Daniel har de siste årene vært bevisste på reiser og opplevelser. De har vært både i Sør-Afrika, Israel, Kroatia, Romania, Ungarn og Island, tatt hurtigruta til Kirkenes og vært på mange båtturer i Ryfylke.

#### KIRKEVEI OG MISJONSREISE

Daniel og Einbjørg er begge oppvokst med kirke og misjon. Daniel husker fra barndommen at emissærer kom og hadde husmøter på Sør-Hidle. De kom både fra Samemisjonen og Indre sjømannsmisjonen. Men seinere er det helst NMS som har vært organisasjonen de har kjent mest tilknytning til. Misjonsarbeidet har de sett på nært hold på turer til Madagaskar og Thailand.

Søndag er kirkedag. Om ikke været er for dårlig, legger de ut med båten og til kai på Tau. Oftest må de gå opp til kirka. Daniel forteller om en gang da de gikk opp og ble overraska av et kraftig regnvær. Dryppende våte feiret de gudstjeneste.

#### JUL OG NYTTÅR

Juleferinga er på Sør-Hidle. Det er ikke så lett å reise bort når det er dyr som må stelles og føres. Juledag 2019 var døtrene og de sju barnebarna samla på Sør-Hidle. Denne julen kommer den ene dattera med sine to sønner på besøk. Julefeiringa er tradisjonell med pinnekjøtt og kålrabistappe.

Nyttårsaften pleier Einbjørg og Daniel å gå til gudstjeneste og feire sammen med gode venner på Tau. Hvordan det blir dette året, avhenger av Covid-19 og smittevernsrestriksjonene.



- Einbjørg og Daniel samarbeider om det meste



- Fra kaien har de utsikt mot Tau

# Miljø, møteplass og MISJON



Gjenbruksbutikken Tau

**Det er en travl dag på Gjenbruksbutikken på Tau. Kunder strømmer på for å se og kjøpe. Og varer bæres inn. De settes på kjøkkenet der de plasseres fram til «priskomiteén» har fått prissatt varene, og de kan settes inn i butikken. Kjøkkenet har ikke plass til møbler som leveres. De plasseres på en ekstern lagerplass.**

Tekst: Martin Ivar Arnesen

Foto: Martin Ivar Arnesen og NMS arkiv

**V**i lever i en tid med mye bruk og kast. Noe av det vi bytter ut, er fortsatt brukbart. Det trenger ikke kastes. Andre kan ha både glede og nytte av det. Og mye av det vi finner i butikken, ser så godt som nytt ut.

Her finner vi glasstøy og dekketøy, boker, leker, pynteting, kjøkkenutstyr, ski, gjenbrukslys, barnevogner, møbler og lamper. Lista over vareutvalget er uendelig lang. Og den varierer hele tiden, alt etter hvilke varer som blir levert inn og ut. Det er tydelig at plassen er begrenset, særlig til møbler.

Normalt er det også en pause- og sittekrok hvor en kan få både kaffe og noe attåt. Gjenbruksbutikken skal også være en møteplass, men på grunn av Covid-19 er dette tilbuddet begrensa nå. Covid-19 gjorde at alle NMS gjenbruksbutikker stengte ned i mars og åpnet i mai.

#### MØTESTED OG MISJON

Gjertrud Tengesdal er kontaktperson og leder av styret for gjenbruksbutikken på Tau. Gjertrud forteller at det jevnt over er mye kunder, og at omsetningen har økt merkbart etter at Ryfast ble åpna og etter at de flytta inn i nåværende lokaler.



Her er det mulighet til å finne mye fint og gjøre et kupp



NMS Gjenbruk har lokaler sentralt på Tau



Gertrud Tengesdal og Eli Øyen i samtale med kunde Lilly Skår



Gjenbruksbutikken tar imot lysstumper som sendes Knausen lysstøperi



Helge Røgenes og Gerd Nordbø bærer vare inn i butikken

Flere og flere har fått øynene opp for at også julegaver kan kjøpes på gjenbruksbutikken. Da blir det mindre bruk og kast, da sparer vi penger, og da støtter vi NMS.

For de som arbeider i butikken, er det sosiale viktig. Det er kjekt å jobbe sammen og det betyr mye å få møte hyggelige kunder.

I løpet av året har vi både årsmøte og sosial hyggekveld. Og da er det viktig at vi blir motivert, inspirert og oppdatert på det store vi får være med på i misjonsarbeidet, forteller Gjertrud. Og hun fortsetter:

- Selv om det går mye til husleie, vet vi at mesteparten går til misjonen.

Gjertrud har selv fått se misjonsarbeidet på nært hold etter turer både til Madagaskar og Thailand.

#### JULEGAVER FRA GJENBRUK

13. november startet julesalget. Da byttes noen av varene ut, og det pyntes i butikken.

